

Alver 137 / 7 og 9, innspel til kommunedelplan.
Offentleg ettersyn av planframlegg, august 2019
Moment
230819 / VM

Kommunen har neppe handtert innspelet frå 137 / 7 og 9 på ein fullgod måte.

Innsendt dokumentasjon er ikkje framlagt. Innspelet er lagt saman med innspel frå andre eigedomar med anna tilknytning til offentleg infrastruktur, og avvist med argument relatert til desse.



Innspelet er her vist på oversiktskart som også markerer stien frå Galtaråsen til Tveitavarden og Erstadfjellet, og landbruksvegen over dalen, frå Alver.





Det er 4 gangkryssingar på hovedvegen gjennom Alvermarka; undergangar i Nord og Midt, lysregulert fotgjengarfelt i Sør, og bru ved industrivegen til Galtaråsen.

Alle desse kryssingane – unntateke det lysregulerte fotgjengarfeltet – er tilknytta lokale vegar på Alver-sida.

Frå det lysregulerte fotgjengarfeltet og den tilhøyrande busslomma går det ein lokal sti opp til Galtaråsen gjennom det lyse feltet i kartet aust for bnr. 9.

Denne stien vert ikkje berørt av innspelet frå bnr. 7 og 9.





Prosjektet omfattar 4 einbustader og 16 rekkjehus fordelt på 4 rekkjer med felles garasjekjellar under den eine.

Feltet får tilkomst via krysset til Alver hotel og den gamle riksvegen. Kartet viser fotgjengarundergangen ved krysset, og stien mot Galtaråsen frå busstoppen aust for feltet.

